




Vejen til Mekka
av
**Athol
Fugard**

109161500



The soul selects her own society –
Then – shuts the door –
On her divine majority –
Present no more.

Emily Dickinson



Foto: NTB

Einar Lunde:

Det er lenger til Onverwacht enn til Mekka

Du verda så langt det er til New Bethesda, den vesle landsbyen der Miss Helen, hovudpersonen i «Vegen til Mekka», budde. Faktisk eit av dei mest avsidesliggjande områda i Kapp-provinsen i Sør-Afrika. Ja, så langt frå folkeskikken at det berre er ein grusveg fram til landsbyen.

Berre 34 menneske bur det der, tretti-fire . . . *Kvite* menneske. Derfor er det ikkje vanskeleg å finne fram til Miss Helens Mekka. Den vesle grusvegen er tydeleg avmerkt på vegkartet, og namnet New Bethesda står det der heilt sjølvsagt, med ein liten ring som teikn på tettstad med under 500 innbyggjarar. Det skulle da berre mangle!

Men eg skulle til Onverwacht, og same kor mykje eg endevender kartet eller leiter bak i registra på alle vegbøkene eg har kjøpt, finn eg det ikkje. Heldigvis har eg venner som veit vegen, men eg må ha løyve for å kome inn der. Som utenlandsk journalist får eg ikkje løyve, men vil dit likevel, jamvel om det synest lenger borte enn til . . . «Mekka».

Langt ute på landsbygda, på vegen mellom Bloomfontein og Maseru, peiker vennen min: «Der må du ta av til høgre.» Ikkje noko skilt, ikkje noko planfritt kryss, berre ein grusveg, som *ikkje* finst på kartet. Vi humpar oss fram nokre få kilometer, forbi eit par åskammar, akkurat så langt at vi ikkje lenger kan skimte den asfalterte hovudvegen bak oss. Der, midt i noko av dei tørraste og mest audslege områda eg

har sett i Sør-Afrika, der endeleg ligg Onverwacht. Så midt i ingenmannsland som mogleg! Kva *er* så Onverwacht? Jo, ein liten by med berre 500.000 innbyggjarar! På storleik med Oslo. Ein halv million menneske . . . *svarte* menneske! Derfor ikkje ein gong verd ein bitteliten prikk på allverdsens sørafrikanske vegkart. Det skulle jo berre mangle!

Titusenvis av blekk-skur, dei fleste brune av rust, somme litt blankare. I utkanten, på grensa til den endelausa ørkenen, ei lang, lang rekkje med skinande nytt blekk. Det er utedoar som står og ventar på nye tusental av svarte som dei kvite flyttar til Onverwacht. Ja, dei kvite styresmaktane sin generøse velkomstpresang, ein utedo av blekk! Skura til å bu i må dei svarte sørgje for sjølve . . . om dei har råd.

87 prosent av alt land i Sør-Afrika har dei vel 4 millionane kvite tatt til seg sjølve. Dei 24 millionane svarte innbyggjarar må ta til takke med dei tretten prosentane som er att. Av ein eller annan grunn er dette tilfeldigvis den dårlegaste jorda i republikken! Det er på desse tretten prosentane Onverwacht ligg, plassert og planlagd av kvite styresmakter for å kvitte seg med gamle svarte som ikkje lenger duger på fabrikkane, på farmane eller i gruvene til dei kvite. Men her er òg ei mengd mødrer med små barn. Pappaene er billeg arbeidskraft for dei kvite. Så lenge dei har jobb, får dei arbeidsløyve og «pass» og kan få opphald i den kvite delen av landet. Dei

får lov til å besøke familiane nokre få gonger i året. Mistar dei jobben, blir dei sende attende. I Onverwacht er det mange, mange arbeidslause pappaer. For dei aller fleste blir Onverwacht faktisk endehaldeplass på vegen gjennom livet som svart i Sør-Afrika.

Langs «Vegen til Mekka» ligg alltid eit Onverwacht, men vegen dit synest så lang og så ufatteleg vanskeleg å finne. Ikkje ein gong ein prikk . . . på vegkartet til dei kvite!

Kvifor går vegen til Mekka?

Eit intervju med Thea Stabell om reisa hennar i Sør-Afrika.

– Kan vi byrje med at du fortel om avreisa frå Sør-Afrika? Den gjorde eit spesielt sterkt inntrykk på deg.

– Ein overfylt flyplass i Cape Town. Slitne og trøytte menneske trengjer seg fram ved innsjekkingskrankane. Sjølv er eg totalt utmatta. Eg har vore 14 dagar i Sør-Afrika. Mitt livs viktigaste reise, mitt livs største sjokk. Flyet er fylt til siste sete. den trøytte menneskemengda som togar inn i flyet, verkar som ei homogen gruppe på veg mot eit felles mål. Før søvnen overmannar meg, stiller eg det vanlege spørsmålet til passasjeren i stolen ved sida: «Kvar skal De?» «Til Mekka.» «Til Mekka?» Røysta mi er skrikande og ukontrollert. Min kjære medreisande er nok for sliten til å reagere, eller for van med at merkelege europearar oppfører seg på dei mest underlege måtar. Da eg vil føre samtalen om Mekka vidare, svarar ho uengasjert: «Mekka er vakker, svært vakker . . .»

Når kvardagen er så skremmande, når framtida er så uviss, når alt skrik etter forandring, og når endringane framkaller visjonar om eit blodbad, da flyktar mange. Til religion, til eit allment, humant kjærleiksomgrep, eller til kunsten der verdiane ligg i den skapande prosessen. Athol Fugard, «Sør-Afrikas samvit», forfattaren som med stykka sine var med på å gjere verda merksam på dei umenneskeleg tilhøva i landet sitt, er ein av desse flyktningane i dag. «Eg er ein døyande kvit liberalar. Det er andre som skal kjempe no. Det

einaste omgrepet eg kan ta stilling til er kjærleiken,» skal han ha sagt.

– Meiner du at det er biletet vi har av Fugard som radikal apartheidmotstandar ikkje er riktig?

– Både ja og nei. Fugard er humanist, og han har alltid vore meir opptatt av dei menneskelege aspekta ved rasepolitikken enn av dei politiske. Det er ganske avslørande at han vart ein farleg radikal gjennom å hevde så enkle sanningar som at «alle er fødte like» eller «ein mann, ei røyst». No blir det kravd meir av han, og han er kritisert av dagens radikale. Eg forstår dei, og eg forstår Fugard også. Kva for ein humanist er ikkje redd for bomber?

– Du reiste til Sør-Afrika berre to veker etter at unntakstilstanden vart innført. Var du ikkje redd?

– Jo, men eg var nøydd til å reise. «Eg veit ikkje kva det vil seie å gå 120 kilometer med barnet mitt på ryggen,» seier ei fortvila Elsa i stykket. Kva skal eg sjølv seie da? Kva veit eg om livet i Sør-Afrika? Det eg les i avisene, høyrer på radio, ser på tv, men korleis lever dei menneska som heile tida har problema rundt seg, og må ta stilling til dei?

Landet er eigentleg i krigstilstand. Korleis verkar dette på det daglege livet? Korleis er stemninga i gater, i butikkar, på hotell o.s.b?

– Alt er kamuflert. Dei mest synlege teikna på rasediskriminering som t.d. parkbenker reservert for kvite, skilde toalett og køar, restaurantar, hotell og

badestrender som er forbodne for svart, held på å forsvinne. Ein priser reformene. Så dreg ein bort frå «utstillingslokala», og hamnar midt i helvetet, i distrikt som ikkje eingong er merkte av på dei kvites kart. Etter å ha sett dei, vågar eg påstå at desse reformene som regjeringa stolt deklarerer, er eit slag i andletet på dei svarte i landet. Det er som å gi kosmetiske behandling til ein som burde bli operert for kreft.

– Alibiet ditt for å reise, var altså oppsetjinga av «Vegen til Mekka.» Du ville sjå Helen Martins hus og skulpturane hennar.

– Ja, og etter å ha vore der las eg stykket på ein ny måte.

– Er det verkeleg viktig å få eit forhold til modellen for eit kunstverk?

– Viktig og nyttig. I alle fall for meg. Proporsjonane og dimensjonane forandrar seg. Replikane får ein annan nyanse.

– Kan du gi meg eit døme?

– «Når bada du sist?» spør Elsa den gamle venninna si, Helen. Replikken sa meg ikkje mykje. Men da eg kom inn i huset, hadde eg samme spørsmålet på tunga. Eg vart kvalm av skitt og dårleg lukt, enda det no var gjort reint for museumsgjester. Så vart eg som Elsa i stykket, overvelda og utfordra av dei kunstverka Helen laga. Men eg skjønar også kvifor pastor Byleveld og dei andre i byen reagerte som dei gjorde. Den vesle bakgården med overdimensjonerte sementkamelar, vismenn, øgler, havfruer

og andre figurar som alle vende seg mot Mekka, gir ikkje berre ei oppleving av noko vakkert. Den er arkaisk, kraftfull, sensuell og demonisk, komisk og storarta visjonær.

Eg har også fått eit anna forhold til staden og tida. Fugard seier riktignok at Ny Bethesda er ein liten by, men at den var så liten, hadde eg ikkje førestelt meg. Å vere einsam i ein føydal by med berre om lag 30-40 kvite innbyggjarar, der alle kjennar kvarandre frå barndommen av, må ha vore noko heilt spesielt. Der skapte Helen sitt Mekka, forakta og åleine gjennom femten lange år. For eit menneske, for ein kunstnar.

- Fugards dramatikkk handlar alltid om dei menneskelege relasjonane i eit samfunn som er prega av lovene i apartheidsamfunnet. Men «Vegen til Mekka» fortel om ei gammal bilethoggarinne . . .

- . . . med ein lagnad som har mange felles trekk med Fugards eigen. Eit sjølvportrett kanskje? Ei forsvarstale? Kunstnarens eksistensielle vilkår i eit polarisert samfunn?

- Er «Vegen til Mekka» eit politisk stykke?

- Det er eit humant verk som alle andre Fugard har skrive. Også dette stykket har røter i Sør-Afrikas verkelege liv, og det gir innblikk i den splitta situasjonen dei kvite er i. Men først og fremst handlar det om ei kvinne og den kaotiske og forvirra oppdagingsferda hennar i mysteriet «å skape». Ein




kvinleg kunstnar skil seg på mange måtar frå ein mannleg. Pia Skogman, Jung-inspirert psykolog, skreiv ei svært interessant bok om dette emnet. Studia hennar i den spesifikt kvinnelege skapinga har vore til stor hjelp for meg. Det er interessant at Fugard har valt ei kvinne for å kaste lys over sine egne problem.

- Har du møtt Fugard sjølv?

- Nei, men eg var på teatret hans, og møtte venner og medarbeidarar av han. Etter å ha snakka med dei, forstår eg Fugards situasjon betre, einsemda og tvilen. Angst og resignasjon finst det overalt, men det finst håp også. Eg såg fantastiske kunstnarar, og eg var mektig imponert over det vitale kulturlivet eg møtte der, først og fremst blant dei svar-te. Det blir skapt fantastiske framsyningar, skrive utruleg vakre dikt, musikklivet og biletkunsten blømer. Alt har mening, alt er ein kode, alt er livsnødvendig. C. Ö







Den hollandsk-reformerte kyrkja . . .

«Du har stadfesta retten din, som kvinne . . .» seier Elsa til Helen. Helen har stadfesta seg sjølv, sitt eige verd, andsynes ein representant for Den hollandsk-reformerte kyrkja i Sør-Afrika. Den kyrkja – der Marius Byleveld er prest – er den dominerande institusjonen blant dei kvite i Sør-Afrika.

Når Helen gjer opprør mot Marius Byleveld, blir ho ikkje berre ein religiøs avvikar. Like viktig, og kanskje enda meir fundamentalt, er det at ho forkastar den røyndomsoppfatninga som Marius er ein representant for.

Den hollandsk-reformerte kyrkja har gitt den autoritative tolkninga av den røyndomen det kvite boarfolket lever i. I følgje denne røyndomsoppfatninga har dei kvite boarane vore eit utvalt folk, med eit spesielt kall og ansvar i det landet dei flytta til frå Europa.

Denne kyrkja meiner òg at ho har ein Gudegitt rett til å tildele andre grupper ein bestemt plass i det hierarkiet som finst mellom ulike folk. Den hollandsk-reformerte kyrkja har med andre ord gitt ei teologisk velsigning av apartheidregimet.

Det er med den same mentaliteten Marius Byleveld møter Helen. Han er ikkje vond, i den forstand at han subjektivt sett er vondskapsfull. Derimot er han ein person med ei djup ansvarskjensle som er parra med sterk sjølvrettferd og ei formynder-haldning. På same vis som boarane er kalla av Gud og veit kva som er best for dei svarte, kan Mari-

us opptre andsynes Helen. På same vis som boarane vil styre over dei svarte dei sjølv i Guds namn har umyndiggjort, vil Marius no umyndiggjere Helen og plassere henne ein stad der ho kan bli kontrollert. På same vis som ropet frå dei svarte om fridom blir overhøyrtd og undertrykt, blir Helens arbeid tatt som eit uttrykk for at ho er forvirra og treng vern og kontroll.

«Vegen til Mekka» er ikkje eit direkte politisk teaterstykke. Men det avslører ein mentalitet som har apartheidssystemet som sitt politiske uttrykk.

Men kanskje gjer vi det for enkelt for oss sjølv. For kanskje finst denne mentaliteten forkledd i andre former i vår del av verda òg? Og kanskje finst den blasfemien som denne mentaliteten er uttrykk for i vår del av verda òg under dekke av kristentru eller av ein eller annan ideologi.

*Trond Bakkevig, Formann
i Mellomkyrkjeleg råd.*



Frå Helen Niemands hage i New Bethesda, Sør-Afrika

ATHOL FUGARD

vegen til Mekka

Omsett av *Edvard Hoem*

Miss Helen Mona Hofland
Elsa Trini lund
Marius Byleveld Wilfred Breistrand

Regi: Thea Stabell
Scenografi og kostyme: Anna Gisle
Musikk: Jan Garbarek

Inspisient: Kysztof Seliga
Rekvisitør: Martin Musto
Parykkar og maske: Chass Llach
Lyd: Torkild Madsen
Sufflør: Elsa Isefiær

Utstillinga i foajeen er laga av: Jan Harr, Finn Kirkeby, Thea Stabell og Anita Aubert.

Ein pause.

Norgespremiere på Scene 2 laurdag 28. februar 1987.

Originaltittel: «The road to Mecca».

Athol Fugard: Eit notat om Miss Helen

Tidleg på 70-talet kjøpte Athol Fugard eit hus i den vesle Karoo-landsbyen New Bethesda.

Mens eg såg på ulike hus og byrja bli kjend med somme av innbyggjarane, vart det snakk om ein ganske underleg figur som budde landsbyen. Namnet hennar var Helen Niemand og folk tala litt orsakande om henne fordi dei såg på henne som litt galen. Dei sa at galenskapen hennar gav seg til uttrykk i ganske tåpelege statuar og skulpturar som ho laga og hadde rundt ikring huset sitt. Sjølv sagt kunne eg ikkje motstå lysta til å vandre i retning av huset hennar og sjå Miss Helens «Mekka» for første gong. Ho levde framleis på denne tida, men hadde blitt totalt einstøing. Så, bortsett frå at eg såg henne på avstand ein gong eller to og nikka til henne når ho var ute blant statuane og eg tilfeldigvis gjekk forbi, vart eg aldri kjend me henne personleg.

Om lag to år etter at eg kjøpte huset mitt og byrja besøke landsbyen meir regelmessig, gjorde Miss Helen sjølv-mord. Som forfattar kunne eg sjølv sagt ikkje anna enn å reagere på denne svært eksentriske figuren i dette merkelege vesle samfunnet – eit samfunn som på eit vis var fiendtleg innstilt til livet og arbeidet hennar fordi det var eit avvik frå det dei meinte var normalt levevis – og eg tenkte: der har du ei forbanna god historie. I dei neste åra dukka tanken på Miss Helen opp ganske regelmessig i notatbøkene mine.

Eg byrja òg å oppdage meir om den verkelege Miss Helen. Til dømes, opp til ho var femti år, da mannen hennar døydde var det ingenting ved henne som bar bod om det som skulle skje. Så eksploderte med eitt livet hennar på denne utrulege måten i skulpturar. Der stod plutsleg den første statuen i hagen, og så – over dei neste femten eller sytten åra – arbeidde ho vidare, som trollbunden, med dette som må ha vore ein personleg visjon. Etter at ho var død, oppdaga eg òg kva ho hadde gjort inni huset – ei minst like særmerkt gjerning som det ho hadde gjort ute med skulpturane. Desse sytten skapande åra tok slutt, og det var ein periode på mellom 18 månader og to år da ho ikkje laga noko, ikkje gjorde noko og vart svært paranoid, svært deprimert. Ein kveld drap ho seg sjølv ved å drikke kaustisk soda; ho brende seg opp innvendig.

Jamvel om eg sjølv sagt vart provosert av historia om Miss Helen, er eg aldri blitt eigentleg fanga av den. Eg er ein fiskar, og eg kjenner skilnaden mellom den fisken som berre leiker med agnet og den som seier, «SKRIV MEG! EG ER DET STORE!» og dreg snøret med seg ned og du seg deg attende og seg kroken djupt inn. Eg sat ikkje på kroken.

Eg oppdaga og eit anna faktum om Miss Helen: i dei siste åra i livet hennar, den siste perioden med ingenting fram til ho døydde, hadde det vore ein viktig

vennskap – ein vensskap med ei ung kvinne, ein sosialarbeidar, frå Cape Town. Eg vil helst ikkje nemne namnet hennar, for eg har tatt meg all den fri- domen eg meinte var nødvendig da eg skreiv stykket. Eg har gjort min eigen ting, eg har ikkje skrive eit dokumentarisk stykke. Eg oppdaga at denne venskapskapen hadde vore svært, svært meningsfylt. Eg trefte tilfeldigvis den unge kvinna. Ho gjorde sterkt inntrykk på meg – ho var ein svært sterk, svært spesiell person, med eit sterkt sosialt samvit, ei sterk kjensle av kva Sør-Afrika handla om, eit sterkt raseri over kva som var gale med landet. Eg kunne ikkje anna enn tenkje på denne forma for sterk sosial moralkjensle i møtet med den nesten føydale verda i New Bethesda – eit Sør-Afrika som forsvann frå resten av landet for hundre år sidan. Sjølv sagt hadde den unge kvinna hatt litt av eit oppgjør med landsbyen.

På grunn av min respekt for Miss Helen gav den unge kvinna meg – som ein gest – eit lite minne frå møtet vårt, eit fotografi av henne sjølv og Miss Helen. Eg kasta eit blick på fotografiet – det er eit fargestrålande, vakkert fotografi – og der var skodespelet. Der var tilfellet. Eg sat på kroken. I den augneblinken svelga eg agnet.

(frå eit intervju med Gitta Honegger, 1984, trykt første gongen i «Yale Reports»)



Frå Helen Niemands hage i New Bethesda, Sør-Afrika

Utdrag frå Athol Fugards notat

Mai 1962

Kva er ein som står utanfor, ein outsider (Camus)? Ein mann som ikkje godkjenner, ikkje skriv under. Ein mann som ikkje gir den autoriteten hans samtykke inneber til hevdvunnen skikk og bruk. Det er noko som ikkje berre blir sett i fare, men blir overgitt ved ei slik godkjenning. Dette er viktigare for ein outsider enn «det felles beste». Kva er det? Det blir definert av den kristne etikken (eller: det som finn livet sitt i målsetjinga i den kristne etikken og blir frustrert i «samfunnet») – som berre kan eksistere på basis av fullstendig moralsk fridom. Samfunnet kan ikkje. Samfunnet er denne etikkens kompromiss, og ettersom etikk ikkje kan bli kompromittert og framleis eksistere, inneber samfunnet si eiga fornekting.

Men jamvel ein outsider er «til stades» i samfunnet. På kva slags grunnlag kan han leve blant «godkjennarane»? Ein framand i eit merkeleg land. Ein mann i eit framandt land. Når eg ser tilbake, definerer dette ei kjensle eg har hatt, blant menneske, svært ofte. Kjensla av ikkje «eigentleg» å høyre til, av å vere ein «framand» – jamvel når vi «lo på det same språket.»

Juni 1962

Det eg veit, er at kunsten kan gi mening, kan gjere røymsler meiningsfylte og visseleg også forsterke dei. Men lære? Motseie? Fastslå det motsette av det du trur på og så få deg til å akseptere

det? Med andre ord, kan kunsten *forandre* ein mann eller ei kvinne?

Nei.

Det er det livet som gjer. Kunst er inga erstatning for liv. Kunsten fungerer oppå livet – gjer røymsler meiningsfulle, forsterkar røymsler.

Kunst – meiningsfylt, ordna.

Liv – kaotisk.

Mars 1963

Så smal og usikker den vesle kvite sandstranda vi kallar medvitet er. Eg har alltid visst at når eg skriv, er det den mørke opprørte sjøen eg ikkje veit noko om, utan at den er der, som ber meg. Eg har alltid følt at det å skape var ei fryktlaus og fryktsam, ei fortvila og vonfull utskytning inn i det ukjende. For meg har det aldri vore så mykje eit spørsmål om noko å seie om noko – eller ingenting – å finne – sjølve det å søkje, å leite.

Mai 1963

I går kveld tok vi med oss P.D. til middag på den lokale kinesiske restauranten. Av ein eller annan grunn vart det aldri noko verkeleg liv i samtalen. To poeng: Kva ville ein gjere om alle kvite menn i landet vart kalla til våpen for å verne koner, familiar og heimar fordi afrikanarane har reist seg samla og blodig opprør. P.D. sa utan å nøle at han ville slutte seg til dei andre kvite, ta eit gevær og skyte . . . Eg sa eg vona eg ikkje ville gjere det. Dette førte oss ut i

ein diskusjon om vitsen ved – om det var nokon – å ta eit slikt standpunkt, ettersom det truleg vil resultere i at du blir dregen ut og skoten av dei kvite som ein «kafferboetie», forrædar. Eg sa at jamvel om dette skjedde, og mitt liv og kanskje livet til kone og barn enda der, kunne ein seie at standpunktet, hendinga hadde vore «formålslaus»? Kva veit vi eigentleg om framhaldet av ei handling – korleis ei handling spreier seg og vedrører andre lenge etter at sjølve handlinga er utført? Er det tenkjeleg at ein kan gjere *noko i det heile* som ikkje vedrører andre? Finst det noka verkeleg personleg og privat handling? Jamvel om ein var det siste mennesket på jorda og gjorde noko – kasta heile livet sitt inn i ei handling eller ein gest – sjølv mord for eksempel – kunne ein med usvikeleg visse seie at det enda der, at gesten ville blåse ut som eit lys i mørkret? Eg er ikkje sikker. Eg heller veldig mot ikkje å tru det.

August 1963

Den overdådige, ville, tragiske og naive venleiken i det menneskelege hjarte og sinn. Menyen i går kveld: eit kapittel om Ukiyo-e tresnitt; eit par kapittel om marinbiologi; og til sist, Mahlers fjerde symfoni mens eg drakk sitronte. Små lys haldne oppe i store og mørke rom – gallingar mumlar og syng i hjørna. Eg vart djupt rørt av rikdomen, venleiken, kjensla i det menneskelege eventyret.

Desse einsame kurtisanane i kimono, det opphavlege mysteriet i eincella protoza, Mahler syngjande i øyret! Lyset brenn sterkare fordi natta er mørk. Ville meininga vere så rørande utan det evige trugsmålet om kaos og inkje?

September 1963

Alt er svolt – svolt og naud – sinn, mage og lender – og så enda meir, så mykje meir. Dei hemmelege, unemnelege behov og ønske – frå organ og delar ingen anatomi har gitt namn til eller rekna med. Det er derfor bakgatene i slummen er så urovekkjande menneskelege – svolten er på sitt råaste og mest konsentrerte – så vi luktar det. Lukta av mennesket – av Livet – svolt!

Oktober 1963

Eg seier til meg sjølv: døden er tap. Å døy vil seie å tape alt, å ikkje vere lenger. Etter døden kjem Ingenting. Og hjernen min seier den forstår dette. Men gjer eg det? Eg trur at å leve, alt vi veit om døden og meininga med døden er den minste og den minst viktige delen av heilskapen – som ein kviskra samtale høyrte gjennom veggen, der berre eit ord eller to når oss klart, slik at vi til sist berre kan gjette meininga i det heile.

Døden er den endelege røynsla av å tape – men vi har prøvd på dette heile livet. Og yttarlegare, det synest for meg som om prøvene er verre enn sjølv framsyninga – vi må halde fram med å

leve. Eg trur ikkje det finst noko etter døden – smerta ved det tapet kan vi ikkje føle. Men sjølv sagt, ettersom vi har prøvd så lenge og så vel, kan vi tenkje oss det. Mennesket – ein skodespelar blind for applaus, begeistringa eller utskjellinga og nedsablinga av den siste framsyninga hans.

Det synest som om denne forventninga eg nett nemnde, tyder at den som forventar eller tenkjer seg, lever med «døden» sin som den harde steinen midt i frukta. Den ufordøyelege kjerna midt i det søtaste livet. Og kven veit – kanskje kan samanlikninga gjennomførast heile vegen – og Døden er den verkelege årsaka til det søte, solmogne kjøtet – menneskets død er det eigentlege «såkornet» – det spirande i «livet» hans.

August 1965

Den gamle kvinna på vegen frå Cradock, dit Barney Simon, May og eg hadde reist for å vere til stades på den første dagen i Normans rettsak. Vi plukka henne opp om lag 10 miles utanfor byen – ho bar alle sine verdslege eigneluter i eit knytte på hovudet og i ein gammal handlebag. Om lag femti år gammal. Ganespalte. Ein svært varm dag.

Historia hennar var at ho var blitt driven frå garden etter at mannen hennar døyde tre dagar tidlegare. Ho gjekk til ein annan gard der ho hadde ein venn. Sienare fortalde ho oss at ho

hadde fine ungar, men ho visste ikkje kvar dei var. Ho trudde eit par av dei var i Port Elizabeth.

Eg sa ho måtte seie frå når eg skulle stanse. Da ho sette seg inn i bilen, sa ho at ho skulle svært langt. Da vi hadde køyrt om lag 15 miles, var det tydeleg at ho aldri kunne ha nådd fram til målet sitt til fots den dagen. Vi spurde henne om dette, og ho sa at ho visste det og at ho ville ha sove i ei av dreneringsgrøftene for stormvatn.

Ho gret ofte – den første gongen da eg tok knyttet (det var tungt) frå hovudet hennar og la det i bagasjerommet og ho forstod at ho ville få skyss. Ho sa til May ho ikkje kunne tru det. «det var som ein draum». Og så i bilen, da ho fortalde historia si, gret ho meir, May trøysta henne. Til sist, da vi kom fram til grinda der ho ville av og eg gav henne to av dei tre shillingane eg hadde i lomma, gret ho igjen. Eg plasserte knyttet på hovudet hennar, May bar handlebagen ned vegskråningen til grinda og såg henne av garde. Det siste biletet av henne er dei tynne, skranglete anklane mellom dei gamle skorner og kanten på det gamle skjørtet hennar, der ho tras kar av garde inn i bushen. Eg går ut ifrå at ho stansa og gret litt og så heldt fram, gret litt seinare og heldt fram, heldt fram og heldt fram.. Barney – om knyttet hennar: «Ho har framleis bruk for tinga i livet sitt.» Og berre livet sitt; framleis bruk for det – fø det, sove det, vaske det.

Athol Fugard

Knyttet inneheldt ein av desse tunge jarngrytene med tre bein, eit ullteppe og eit gammalt sinkkar fullt av småsaker – alt samanknytt med eit skittent stykke linsnor. I den gamle handlebagen såg eg ei flaske tomatsaus, og Barney såg ei pakke OMO.

Til sist berre dette å seie: i denne grufulle vandringa under ei stikkande sol, ei vandring frå alt det i livet ho ikkje kunne bere på hovudet, med ei bitter Karoo-natt i eit dreneringsrør framfor seg, i denne vandringa var det ikkje noko nederlag – det var smerte og stor liding, men ikkje nederlag.

Oktober 1967

Det som framleis er vanskelegast for meg å innsjå er at det er «her og nå» – at når det gjeld å vere verkeleg ærleg, må augneblinken bli tatt som den kjem, for kva den er – og den kan aldri bli «kapital» ein kan trekkje på i seinare, fattigare tider. Dette er det endelege hindret – at når eg som i kveld såg eit mønster i skyene, må eg seie «no!» – og eige det. Så mykje – det meste? – av no-tida mi heng på, avheng av ei framtid der eg ser attende – og verdset. NO!! NO. Prøv NO og så gløym det, gå ifrå det, overgi det, «Ein gong, og så aldri meir.» Rilke. Å leve ut den medvitne augneblinken for det den er - eit lys i mørkret . . . medan vinden blæs. Gløym at du såg soleglad i går kveld, og truleg vil få sjå soloppgang i morgon. Lev førebudd på døden.

sørafrikansk forfattar, fødd 11. juni 1932 i Midleburg, Kapp-provinsen. Mora var boar, og faren av irske opphav.

1935 Familien flyttar til Port Elizabeth. Etter grunskolen tek Fugard til med ingeniørutdanning.

1950 Fugard dreg til Cape Town for å studere sosialantropolgi og filosofi ved universitetet der.

1953 Han gir opp studia sine, og i 6 månader haikar han frå Cape Town til Port Said, for så å bli sjømann på eit handelsskip.

1956 Etter to år til sjøs kjem han heim, og arbeider ei tid som journalist. Han møter skodespelarinna Sheila Meiring, og saman med henne startar han ei eksperimentell teatergruppe – The Circle Players.

1957 Fugard og Meiring giftar seg, og flyttar til Johannesburg. Fugard arbeidar her i fire månader ved domstolen for dei innfødde saker.

1958 Det første skodespelet hans, «No Good Friday», blir framført. Fugard har sjølv regien, og spelar også ei av rollene. Succé. Han byrjar som inspisient ved Nationalteatret, og skriv sitt andre stykke, «Nogogo», for ei svart teatergruppe.

1959 For å lære meir om teater reiser Fugard og Meiring til Europa, og oppheld seg ei tid i Nederland.

1960 Politiet drep 69 demonstrantar utanfor politihuset i Shaepeville. Fugard reiser heim med ein gong. Dottera Lisa blir fødd.

1961 «The Blood Knot». Fugard sjølv i rolla som den kvite broren. Dei turnerer over heile landet. Han blir medlem i ei svart skodespelargruppe – The Serpent Players – som spelar klassisk og moderne teater berre for svart publikum. Dei blir utsette for forfølgning og tra-kassering.

1965 «Hello and Goodbye» får årets dramapris av New York Times. Dette blir byrjinga på ei internasjonal karriere for Fugard. Styremaktene i Sør-Afrika dreg inn passet hans.

1969 «Boesman and Lena»

1970 «Friday's Bread on Monday»

1971 Med forfattaren som instruktør blir «Boesman and Lena» sett opp på The Royal Court i London. Fugard får Obie-prisen for stykket.

1972 Winstoo Ntshona og John Kani, to store skodespelarar frå The Serpent Players, utviklar «Sizwe Bansi is dead» saman med Fugard.

1971 – 72 «Orestes» blir improvisert fram med m.a. Yvonne Bryceland (som seinare har spela Miss Helen i Johannesburg og London). «The

Island» utvikla saman med Ntshona og Kani.


1973 Dei gjestar Royal Court med «Statements after an Arrest under the Immortality Act» og «Sizwe Bansi is Dead.» Framsyningane blir ei stor teaterhending i London, og kritikarane utropar «Sizwe Bansi is Dead» til årets beste stykke.

1974 «Boesman and Lena» blir filma med Fugard i rolla som Boesman. Fugards dramatikkk blir no stadig spela over heile verda, og han sjølv er ein velkomen gjesteinstruktør og skodespelar både i London og New York.

1978 «A Lesson from Aloes»

1982 «Master Harold and the Boys»

1985 «The Road to Mecca»





Jan Garbarek . . .

Thea Stabell, kvifor musikk og kvifor musikaren Jan Garbarek?

- Musikk fordi eg vil prøve å kombinere fleire ulike element i framsyninga, element som det mytiske, det magiske, det realistiske og det menneskelege. Til å klare dette treng eg ulike virkemiddel der lydassosiasjon er eit.

Og . . .

- Jan Garbarek fordi han er ein spesiell muskar, og ein spesiell teatermuskar. Han har arbeidd mykje med teater og laga musikk mange enno kjenner i ryggmargen. Han har arbeidd med musikk frå kontinentet der stykket har røtter. Musikken skal bryte opp sekvenser, kontrastere det som som hender og gje assosiasjonar.

Dette visste eg Jan Garbarek ikkje ville le av . . .

Foto: Annelise Jackbo.







10g161505

Det Norske Teatret

Scene 2

Berit BLINDHEIM
Administrasjon

